



Radøy kommune

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim
Radøy

Granit Radøy AS
Vetåsvegen 181
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1779 - 15/11503

Saksbehandlar:
Toril Marie Mullen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
23.10.2015

Landbrukssak gnr/bnr 45/10 - søknad om konsesjon

Delegasjonssak nr.: 248/2015

Granit Radøy AS søker konsesjon for gnr/bnr 45/10 i Radøy kommune. Søknaden om konsesjon kom kommunen i hende 18.09.2015.

Eigedomen er på 146,8 daa totalt, der 0 daa er fulldyrka, 0 daa er overflatedyrka, 41,5 daa er innmarksbeite, 22,3 daa skog av særleg høg bonitet, skog av høg bonitet 28,8 daa, samt anna areal. Avtala kjøpesum for eigdommen er 10 000 000 kr.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, LOV 2003-11-28 nr 98. Det skal leggjast særleg vekt på fem punkt ved handsaming av konsesjon, jf § 9.

Om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling

Eigdommen har mindre enn 25 daa fulldyrka og/eller overflatedyrka areal. Då er det ikkje priskontroll ved eigedomsoverdraging. Vi viser til rundskriv M – 1/2010. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar sitt formål vil ivareta omsynet til busetjinga i området

Dette er «gamle Jotun-tomta» i Radøy der 18 daa av arealet er næringsareal. Eigdommen er under 25 daa med fulldyrka og overflatedyrka areal. Ergo er det ikkje buplikt på eigdommen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet er ei driftsmessig god løysing

Søklar oppgir i søknaden om konsesjon at tidlegare bruk av arealet har vore næringsverksemd, tidlegare malingsfabrikk, som no er nedlagt. Ervervar sine planar for bruk av eigdommen er næringsverksemd. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar er skikka til å drive eigedomen

Rådmannen har ikkje informasjon som skulle tilseie noko anna enn at søkjar er skikka til å drive eigedommen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Eigedomen gnr/bnr 45/10 er på 146,8 daa totalt, der 0 daa er fulldyrka, 0 daa er overflatedyrka, 41,5 daa er innmarksbeite, 22,3 daa skog av særskilt høg bonitet, skog av høg bonitet 28,8 daa, samt anna areal. «Gamle Jotun-tomta» i Radøy ligg på gnr/bnr 45/10. 18 daa av gnr/bnr 45/10 er bebygd næringsareal.

Det følgjer av § 1 fyrste ledd i jordlova at lova har til føremål å *«leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.»*

Rådmannen finn at ervervet ikkje fullt ut ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet. Rådmannen finn ein ynskjer stille vilkår til konsesjon at ervervar tek steg for å sette i verk prosess med søknad om deling, som leier fram til at bonde med landbrukseigedom i aktiv drift kjøper den delen av gnr/bnr 45/10 som er øvrig areal utanom dei 18 daa som er bebygd næringsareal. På denne måten tek ein betre omsyn til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Det følgjer av § 9 tredje ledd og § 12 femte ledd i jordlova at samtykke til omdisponering og deling *«kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.»*

Vedtak:

Med heimel i konsesjonslova §9 gjev Radøy kommune søkjar Radøy Granit AS konsesjon for kjøp av eigedommen gnr/bnr 45/10 i Radøy kommune.

Vilkår:

Rådmannen set som vilkår at ny ervervar tek steg som leier fram til deling av gnr/bnr 45/10 slik at det øvrige arealet utanom dei 18 daa som er bebygd næringsareal vert delt ifrå. Ei deling skal leie fram til at ein bonde med landbrukseigedom i aktiv drift kjøper den delen av eigedommen gnr/bnr 45/10 som kan nyttast til landbruk. Det vert sett som tidsfrist at steg for å dele ifrå arealet som kan nyttast til jord- og skogbruk vert sett i verk innan 20.10.2016.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar Felles landbrukskontor Toril Marie Mulen.

Med helsing

Toril Marie Mulen
leiar

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Granit Radøy AS

Vetåsvegen 181 5938

SÆBØVÅGEN